

# **Styresak**

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Vest RHF  
Dato: 22.01.2012  
Sakhandsamar: **Jan Erik Lorentzen m. fleire**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per november og desember 2012**

**Arkivsak**

2011/11/

**Styresak 008/13 B**

**Styremøte 06.02. 2013**

---

## **Forslag til vedtak**

Styret tek rapporteringa frå verksemda per 31. desember 2012 til etterretning.

## Oppsummering

Aktivitetsnivået innan den somatiske sektoren er høgare enn til same tid i 2011. Ventetidsutviklinga per desember 2012 syner at dei gjennomsnittlege ventetidene for alle som starta behandling var 71 dagar, medan ventetida for dei som framleis venta ved utgongen av månaden var 82 dagar. Ventetida for behandla har gått ned medan den for ventande har halde seg stabil den seinaste månaden.

Prosentdelen fristbrot for behandla er framleis høg, men har gått ned i desember samanlikna med førra månad.

Det gjennomsnittlege talet på somatiske korridorpasientar pr dag er relativt stabil pr desember for alle føretaka. Helse Stavanger HF har ein spesiell utfordring innan psykisk helsevern.

Talet på langtidsventande har halde seg stabilt sidan før sommaren. Delen epikrisar sendt innan 7 dagar var 75 % innan somatikken og 77 % innan psykisk helsevern.

Førebelts årsresultat blir presentert i møtet. Det økonomiske resultatet i november er minus kr 30,8 mill, som er kr 49,7 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 585,3 mill som er kr 194,2 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger har på bakgrunn av resultatutviklinga generelt endra si prognose frå kr 25 mill til eit resultat på kr 10 mill, som er kr 40 mill lågare enn budsjettet. Helse Fonna vidarefører si resultatprognose på minus kr 4,2 mill i høve eit resultatkrav i balanse. Helse Bergen vidarefører si prognose på kr 180 mill, som er kr 13 mill betre enn budsjettet. Helse Førde og Helse Vest IKT vidarefører sine resultatprognosar som gir eit resultat i tråd med budsjett. Sjukehusapoteka Vest har justert si prognose til å gi eit resultat som er kr 0,9 mill svakare enn budsjett. Helse Vest RHF justerer etter ei samla vurdering sin resultatprognose til kr 390 mill som er kr 350 mill betre enn budsjettet.

Helse Stavanger har sett i verk tiltak på til saman kr 30,3 mill som hittil har hatt ein effekt på kr 13,3 mill. Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill som har hatt ein effekt på kr 5,7 mill pr november. Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Denne har hatt ein effekt på kr 22,9 mill etter elleve månader.

Samla investeringar per november er på omlag 74 % av forventa investeringsnivå i 2012. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskreditramme vurdert å vere tilfredsstillande.

Det er ein auke med 0,5 % i sjukefråværet i desember 2012 i forhold til november 2012. Det samla sjukefråværet og sjukemeldt fråvær i desember 2012 er stabilt samanlikna med desember 2011. 60,13 % av alle einingane har eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare per desember 2012.

Det har vore ein nedgang med 145 netto månadsverk frå desember 2012 til januar 2013 og ein nedgang med 297 brutto månadsverk i same perioden.

Den korrigerte gjennomsnittlege stillingsprosenten for januar 2013 er på 88,68 %.

I perioden 1. oktober til 31. desember 2012 vart det totalt fanga opp 2085 artiklar som omtalte føretaksgruppa Helse Vest. 413 av desse oppslaga omtalte Helse Vest RHF særskilt. Med omsyn til tendens var delen av positive saker størst i oktober, mens den negative omtala er størst i desember. Medietrykket var høgast i oktober, med 155 oppslag for Helse Vest RHF. Totalindeksen for omdømmeindikatoren ligg på negativ side, men viser relativt liten potensiell påverknad på omdømmet til Helse Vest.

## Fakta

Denne rapporten er utarbeidd med basis i informasjon per 31. desember 2012. Økonomisk resultat samt aktivitetsutviklinga, korridorpasientar og epikrisetid psykiatri blir rapportert med utgangspunkt i novembertall.

## Kommentarar

### 1. Aktivitetsutvikling

Dei data som blir nytta til å syne aktivitetsutviklinga er tall helseføretaka sjølv har rapportert inn. Biletet under syner endring i aktivitetsnivået per november 2012, samanlikna med tal per november 2011.

Aktivitetsutvikling	Resultat	Mål	Status	=
Somatikk				
Aktivitet målt i DRG-poeng	2,7	1,5	Yellow	
Aktivitet målt i opphold	2,3	1,5	Green	
Poliklinisk aktivitet	6,0	4,5	Green	

#### Somatikk

Alle dei fire helseføretaka har hatt ein høgare DRG-produksjon enn til same tid 2011. Det same gjeld aktivitet målt i opphold og poliklinisk aktivitetsnivå så langt i 2012.


#### Psykisk helsevern

For å sikre at tala på aktivitet innanfor omsorgsnivåa døgnophphald, dagophphald og poliklinikk er eintydig i Helse Vest faser HF'a no inn nye definisjonar for omsorgsnivå. Aktivitet innan psykisk helsevern vil bli rapportert til styret når alle verksemndene er over på ny og heilskapleg definisjon tidleg i 2013.

### 2. Ventetidsutvikling


Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle som starta behandling i desember 2012 var på 71 dagar (58 dagar for prioriterte og 99 dagar for dei utan prioritet). Figuren nedanfor viser ventetidsutviklinga per helseføretak for alle pasientar som har starta behandling.

#### Samla ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde



Den samla gjennomsnittlege ventetida for alle pasientar som framleis venta på behandling i Helse Vest ved utgangen av desember 2012 var 82 dagar, fordelt på 58 dagar for prioriterte og 109 dagar for ventande utan prioritet. Figuren under viser samla ventetid for alle ventande fordelt per helseføretak.


#### **Samla ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – alle fagområde**



#### **Somatikk**


Den samla gjennomsnittlege ventetida for ventande innan somatikken var 82 dagar ved utgongen av desember. For pasientar med prioritet var ventetida 58 dagar, og for pasientar utan prioritet 109 dagar. I figuren nedanfor er samla gjennomsnittleg ventetid for ventande vist per føretak.

#### **Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – somatikk**



Ser ein på dei gjennomsnittlege ventetidene for pasientane som starta somatisk behandling i desember 2012, så var dei 59 dagar for prioriterte og 99 dagar for ventande utan prioritet, noko som gir 72 dagar i gjennomsnitt for alle som starta behandling. Samla ventetid for behandla fordelt per helseføretak er vist i figuren under.


## Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – somatikk



### Psykisk helsevern for barn og unge


Den gjennomsnittlige ventetida for ventande med prioritet innan BUP var 44 dagar, og for ventande utan prioritet var ventetida 97 dagar ved utgongen av desember 2012. Samla ventetid for alle som venta på behandling var 48 dagar.

## Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – BUP



Samla ventetid for pasientar som starta behandling i desember 2012 var 59 dagar i gjennomsnitt. Ventetida for prioriterte pasientar var 56 dagar, medan ventetida for dei utan prioritet var 157 dagar.


## Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – BUP



### Psykisk helsevern for vaksne


Den samla gjennomsnittlige ventetida for alle ventande innan psykisk helsevern for vaksne var 69 dagar ved utgongen av desember 2012. Ventetida for ventande med prioritet var 54 dagar og 97 dagar for dei utan prioritet.

## Samla gjennomsnittleg ventetid for ventande pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



For pasientar som starta behandlinga i desember 2012 var den samla gjennomsnittlige ventetida 54 dagar. Prioriterte pasientar hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 42 dagar, medan ventetida for pasientar utan prioritet var 90 dagar.

## Samla gjennomsnittleg ventetid for behandla pasientar fordelt per helseføretak – PH vaksne



### 3. Fristbrot og langtidsventande


Helseføretaka har arbeidd med å få ned talet på fristbrot sidan sommaren 2010, med målsetting om at fristbrot ikkje skal førekome. I tabellen nedanfor finn ein fire ulike mål på fristbrot.

#### Samla utvikling i tal og prosentdel fristbrot for Helse Vest

Tid	Fristbrot							
	For ventande ved periodeslutt		Der helsehjelpa har starta i perioden		Totalt (NPR-utrekning)		Nye fristbrot (Med frist i per.)	
	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst	Pasientar	Pst
2011-des	1150	4 %	716	7 %	1866	5 %	1059	9 %
2012-jan	928	3 %	975	8 %	1903	5 %	1108	10 %
2012-feb	840	3 %	843	8 %	1683	4 %	1023	9 %
2012-mar	728	3 %	820	7 %	1548	4 %	974	8 %
2012-apr	924	4 %	733	8 %	1657	5 %	1251	11 %
2012-mai	942	3 %	824	7 %	1766	5 %	1128	9 %
2012-jun	729	3 %	804	7 %	1533	4 %	885	8 %
2012-jul	1012	4 %	398	6 %	1410	4 %	902	9 %
2012-aug	880	4 %	922	9 %	1802	5 %	1141	11 %
2012-sep	844	3 %	957	9 %	1801	5 %	1201	11 %
2012-okt	748	3 %	852	7 %	1600	4 %	1026	9 %
2012-nov	534	2 %	730	6 %	1264	3 %	777	7 %
2012-des	683	3 %	477	5 %	1160	3 %	766	6 %


I den månadlege rapporteringa til Helse- og omsorgsdepartementet (ØBAK) er det delen fristbrot for pasientar som har starta behandling som skal rapporterast. Tabellen under viser utviklinga i delen fristbrot for behandla pasientar fordelt per helseføretak, samt to av dei private ideelle sjukehusa.

## Utvikling i tal behandla pasientar med fristbrot per helseføretak



I Helse Vest er det og sett i verk tiltak for å redusere talet på langtidsventande. Figuren under viser utviklinga i talet på langtidsventande fordelt per helseføretak og private ideelle sjukehus.


## Utvikling i tal langtidsventande (1 år+) per helseføretak



## 4. Korridorpasientar og epikrisetid


Figurane under viser utviklinga i bruk av korridorplassar per måned innan somatikk og psykisk helsevern fordelt per helseføretak.

## Gjennomsnittleg tal korridorpasientar per dag innan somatikk



I Helse Stavanger HF og Helse Bergen HF har korridorbruken historisk hatt samanheng med sengekapasitet og mange utskrivingsklare pasientar. Det gjennomsnittlege talet på somatiske korridorpasientar er relativt stabil pr desember for alle føretaka.

## Gjennomsnittleg tal korridorpasientar pr dag innan psykisk helsevern



Helse Stavanger HF var hausten 2012 nødt til å midlertidig stenge ned ein innan psykisk helsevern, grunna mangel på sjukepleiarar.

Helse Stavanger vurderte det ikkje som fagleg forsvarleg å halde posten open når dei ikkje kunne sikre kvalifisert helsepersonell ved posten.


Det i kombinasjon med auka tal ØH-pasientar i november og desember bidrog til å sprengje kapasiteten ved Psykiatrisk divisjon, Helse Stavanger.

Alle sengepostar ved divisjonen har i dag eit belegg på over 100%. Det blir arbeidd aktivt med rekruttering av sykepleiarar, med mål om å opne sengeposten til våren igjen.

November og desember er erfaringmessig månadar med auke i talet på ØH-pasientar innan psykisk helsevern.

Helse Stavanger ved Psykiatrisk divisjon, meinar at belegget vil normalisere seg i februar/mars og at dei då ikke vil ha korridorpasientar ved divisjonen.

## Epikrisetid



Den nasjonale målsettinga er at 100 % av epikrisane skal sendast ut innan 7 virkedagar, ei målsetting som Helse Vest ennå ikkje innfrir. Figuren nedanfor syner den samla utviklinga i epikrisetider innan psykisk helsevern og somatikk dei siste 12 månadene.

## 5. Økonomi

Førebels årsresultat vil bli presentert i møte. Økonomirapporteringa under viser status pr november.


### 5.1 Resultat

	November			Hittil pr. November		
	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik	Faktisk	Budsjett	Budsjett avvik
Sjukehusapoteka Vest HF	-679	1 616	-2 295	10 677	12 660	-1 983
Helse Bergen HF	17 034	12 006	5 028	232 874	212 715	20 159
Helse Fonna HF	246	500	-254	-3 162	-500	-2 662
Helse Førde HF	-5 871	-3 305	-2 566	-35 940	-36 694	755
Helse Stavanger HF	-14 477	4 162	-18 639	2 264	45 819	-43 554
Kjøp av helsestenerster	-21 912	6 065	-27 977	369 409	154 959	214 450
Administrasjon morselskap	-228	-707	479	7 709	691	7 018
Helse Vest IKT AS	-4 943	-1 467	-3 476	1 503	1 486	18
Til saman	-30 829	18 871	-49 700	585 334	391 134	194 199

All tall i hele tusen

Det økonomiske resultatet i november er minus kr 30,8 mill, som er kr 49,7 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat er kr 585,3 mill som er kr 194,2 mill betre enn budsjettet.

## Helse Stavanger




Alle tall i hele tusen

Føretaket har eit negativt resultat i november på kr 14,5 mill som er kr 18,6 mill svakare enn budsjettet. Akkumulert resultat pr november er kr 2,3 mill som er kr 43,6 mill därlegare enn budsjettet.

Inntektssida viser eit positivt budsjettavvik på kr 105,8 mill som hovudsakleg skuldast den høge aktiviteten i føretaket samt eksternt finansierte prosjekt med ei tilsvarende kostnadsside.

Kostnadssida viser eit negativt budsjett avvik på kr 158,2 mill der lønnskostnadane inkludert innleige utgjer kr 56,7 mill. Føretaket melder at kr 29,2 mill av lønnskostnadane er relatert til eksternt finansierte prosjekt og at føretaket justert for dette har eit negativt avvik på lønn på kr 27,5 mill. Varekostnadane viser eit negativt avvik på kr 61,8 mill og ein må sjå delar av dette i samanheng med høgare pasientrelaterte inntekter enn budsjettet. Kostnadene knytt til gjestepasientar viser eit negativt budsjettavvik på kr 26,9 mill. Avviket skuldast hovudsakleg høgare kostnader knytt til rehabilitering og avsetningar gjort mot gjestepasientar i eigen region. Andre driftskostnader har eit negativt budsjettavvik på kr 12,3 mill som hovudsakleg skuldast reparasjon og vedlikehald av medisinteknisk utstyr, kjøp av IKT tenester og vaskeritenester. Finansresultatet er kr 8,8 mill betre enn budsjettet.

## Helse Fonna




Alle tall i hele tusen

Resultatet i november er kr 0,3 mill som er kr 0,5 mill betre enn budsjettet. Etter 11 månader er resultatet minus kr 3,2 mill som er kr 2,7 mill svakare enn budsjettet.

Inntektene viser eit akkumulert positivt budsjettavvik på kr 4,4 mill.

Sum driftskostnadene viser eit akkumulert negativt budsjettavvik på kr 16,6 mill der personalkostnadane inkl. innleige av personell utgjer kr 15,9 mill. Det relativt høge nivået i bruk av overtid og ekstrahjelp i staden for bruk av ordinære vikarar ser ut til å flate ut. Varekostnadane knytt til føretaket sin eigenaktivitet visar etter elleve månader eit positivt avvik på kr 7,3 mill medan andre driftskostnadene har eit negativt avvik på kr 7 mill. Finansresultatet er kr 9,6 mill betre enn budsjettet.

#### Helse Bergen



Alle tall i hele tusen


I november er resultatet kr 17 mill som er kr 5 mill betre enn budsjettet. Akkumulert viser rekneskapen eit resultat på kr 232,9 mill som gir eit positivt budsjettavvik på kr 20,2 mill.

Driftsinntektene viser eit positivt budsjettavvik på kr 180,4 mill. Dette er i hovudsak knytt til høg aktivitet i føretaket hittil i år.

Driftskostnadene syner eit negativt budsjettavvik på kr 176,2 mill. Lønnskostnad og ekstern innleige viser eit negativt budsjettavvik på kr 46,6 mill. etter 11 månader. Dette utgjer om lag 0,8 % av budsjettet lønnskostnad hittil i år, og må bli sett i samanheng med høg aktivitet i mange einingar. Deler av avviket er også knytt til særskilt finansierte prosjekt som ikkje er budsjettert verken på inntekts- eller kostnadssida. Avviket på varekostnad medikament er knytt til biologiske legemiddel (med tilsvarende høg inntekt), implantat og protesar, laboratorierekvista og medisinske forbruksvarer. Dette må bli sett i samanheng med høg aktivitet. Avviket på kjøp av helsetenester er i all hovudsak knytt til gjestepasientar somatikk og kostnadskrevjande behandlinger utanlands.

Det positive avviket på netto finansresultat skuldast korrekjon av ein tidlegare feil, samt eit lågt rentenivå. Det er venta eit aukande positivt budsjettavvik knytt til finanskostnad resten av året.

## Helse Førde



Resultatet for november viser eit negativt resultat på kr 4,7 mill som er kr 1,4 därlegare enn budsjettert. Akkumulert resultat er minus kr 30,1 mill som er kr 3,3 mill betre enn budsjettert.

Etter elleve månader er inntektene kr 7,8 mill lågare enn budsjettert. Kostnadssida syner eit positivt avvik mot budsjett på kr 8,7 mill. Bemanningskostnadane er kr 9,3 mill høgare enn budsjettert og det er eit meirforbruk på kr 6,3 mill knytt til varekostnadar. Andre driftskostnader er om lag som budsjettert og finanskostnadane har eit positivt avvik på kr 14,6 mill.

### Kjøp av helsetenester

Resultatet i november er minus kr 21,9 mill, som er kr 28 mill svakare enn budsjettert. Hovudårsaka til det svake resultatet i november er negativt resultat av endeleg avrekning på den aktivitetsbaserte inntekta knytt til private kommersielle aktørar på om lag kr 17 mill, minus kr 7 mill knytt til gjestepasientoppgjer mellom regionar samt kr 5 mill for mykje inntektsfør førre månad. Akkumulert resultat er kr 369,4 mill som er kr 214,5 mill betre enn budsjettert. Det positive avviket skuldast mellom anna mindre kjøp av konsulenttenester, lågare kjøp av lab/røntgen tenester, lågare kostnader knytt til Norsk pasientskadeerstatning samt eit positivt avvik knytt til fleire enkelpostar knytt til kjøp av helsetenester og eit positivt avvik innan netto finanskostnader.

### Administrasjonen

Akkumulert resultat per november er kr 7,7 mill som er kr 7 mill betre enn budsjettert. Avviket skuldast hovudsakeleg lågare forbruk innan lønn og konsulenttenester enn budsjettert.

### Sjukehusapoteka Vest

Akkumulert resultat etter elleve månader er kr 10,7 mill som er kr 2 mill svakare enn budsjettert. Inntektene på varesal er kr 17,8 mill (2,7 %) over budsjett og tenestesalet er kr 2,3 mill (5 %) over budsjett. Personalkostnadane er kr 5,4 mill over budsjett og andre driftskostnader ligg kr 1,2 mill over budsjett.

### Helse Vest IKT AS

Akkumulert resultat er kr 1,5 mill som er lik budsjettert resultat. Inntektene er kr 8,4 mill lågare enn budsjettert og kostnadane er kr 3,8 mill lågare enn budsjettert. I tillegg er netto finanskostnad kr 4,6 mill lågare enn budsjettert.

## Prognose

	Heile året				
	Prognose	Budsjett	Budsjett avvik	Resultat i fjor	Avvik mot i fjor
Sjukehusapoteka Vest HF	13 000	13 900	-900	13 541	-541
Helse Bergen HF	180 000	167 000	13 000	153 751	26 249
Helse Fonna HF	-4 200	0	-4 200	-75 710	71 510
Helse Førde HF	-40 000	-40 000	0	-49 962	9 962
Helse Stavanger HF	10 000	50 000	-40 000	5 007	4 993
Kjøp av helsetenester	390 000	40 000	350 000	403 091	-13 091
Administrasjon morselskap	0	0	0		0
Helse Vest IKT as	1 000	1 000	0	5 261	-4 261
Til saman	<b>549 800</b>	<b>231 900</b>	<b>317 900</b>	<b>454 979</b>	<b>94 821</b>

Alle tall i heile tusen

Helse Stavanger har på bakgrunn av resultatutviklinga generelt endra si prognose frå kr 25 mill til eit resultat på kr 10 mill som er kr 40 mill lågare enn budsjettet.

Helse Fonna vidarefører si resultatprognose på minus kr 4,2 mill i høve eit resultatkrav i balanse. Samstundes signaliserer føretaket at dei arbeidar med å verdurvurdere ein del bygningar med det føremål å få seld desse. Som følgje av dette kan resultatet bli forverra utan at dette skal gå ut over investeringsevna.

Helse Bergen vidarefører si prognose på kr 180 mill som er kr 13 mill betre enn budsjettet.

Helse Førde og Helse Vest IKT vidarefører sine resultatprognosar som gir eit resultat i tråd med budsjett.

Sjukehusapoteka Vest har justert si prognose til å gi eit resultat som er kr 0,9 mill svakare enn budsjett.

Helse Vest RHF justerer etter ei samla vurdering sin resultatprognose til kr 390 mill som er kr 350 mill betre enn budsjettet. I denne prognosen er det mellom anna gjort vurderingar knytt til forventa kostnadspådrag den neste månaden innan kjøp av helsetenester, konsulenttenester og enkeltpostar knytt til øyremerka midlar. Det er fortsatt knytt usikkerheit til enkeltområde i budsjettet generelt og til endeleg avrekning av innsatsstyrt finansiering spesielt.

### Omstilling

Helse Stavanger har sett i verk tiltak på til saman kr 30,3 mill, som etter sju månader (frå 01.05.12) har hatt ein effekt på kr 13,3 mill, som er om lag 68 % av periodisert plan. Ved årets slutt forventar føretaket ei realisert effekt av tiltaka på kr 22,8 mill som er om lag 75% av samla tiltakspakke.

Helse Fonna har etablert tiltak på til saman kr 19,5 mill. Tiltaka har pr november hatt ein effekt på kr 5,7 mill noko som er om lag kr 1,7 mill meir enn i sist rapportering. Føretaket ventar at desse tiltaka vil gi ein effekt på kr 7,1 mill innan året er omme, noko som er 37 % av planen.

Helse Førde har etablert ein tiltakspakke på til saman kr 30,6 mill. Denne har hatt ein effekt på kr 22,9 mill som er om lag 89 % av planlagd effekt etter elleve månader. Ved årets slutt forventar føretaket å ha realisert ein effekt på kr 28,4 mill av tiltakspakka.

Det er ikkje etablert tiltaksrapportering frå dei andre føretaka.

### Investering

Helse Vest sitt investeringsbudsjett for 2012 blei vedtatt i samband med behandlinga av sak om konsernbudsjett 2012 i februarmøtet og oppdatert i sak 077/12 B om langtidsbudsjett 2013 – 2017 i junimøtet. Samla investeringsbudsjett er fastsett til kr 1,702 mrd. I tabellen under er det vist status på investeringar pr. november samt estimat for året.

Samandrag investeringar 2012	Akkumulert		Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012
	januar - november				
Bygg	679 790	234 125	913 915	977 885	
MTU	219 859	125 941	345 800	355 144	
IKT	166 138	56 990	223 128	220 000	
Anna	47 870	41 208	89 078	149 140	
SUM	1 113 657	458 264	1 571 921	1 702 169	

Alle tall i hele tusen

Samla investeringar per november er på kr 1,1 mrd. Dette utgjer omlag 71 % av forventa investeringsnivå i 2012.

#### Helse Stavanger:

Investeringar 2012	Akkumulert			Estimat totalprosjekt
	januar - november	Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012
<b>Helse Stavanger:</b>				
BUPA	115 965	13 657	129 622	
Stavanger DPS	6 408	32 792	39 200	
Øvrig bygg	35 199	45 924	81 123	
Sum bygg	157 572	92 373	249 945	259 900
MTU	78 899	72 101	151 000	151 000
IKT	3 408	-3 408	0	0
Anna	18 977	-18 977	0	
<b>SUM Stavanger</b>	<b>258 856</b>	<b>142 089</b>	<b>400 945</b>	<b>410 900</b>

Alle tall i hele tusen

Investeringar per november utgjer om lag 65 % av estimert investeringsnivå for 2012. Estimatet for året ligg noko under budsjettet.

#### Helse Fonna:

Investeringar 2012	Akkumulert			Budsjett 2012
	januar - november	Resten av året	Estimat 2012	
<b>Helse Fonna:</b>				
Bygg	35 301	8 399	43 700	44 400
MTU	15 651	14 349	30 000	31 500
IKT	730	698	1 428	0
Anna	7 872	0	7 872	7 100
<b>SUM Fonna</b>	<b>59 554</b>	<b>23 446</b>	<b>83 000</b>	<b>83 000</b>

Alle tall i hele tusen

Investeringar per november utgjer om lag 72 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for året ligg på same nivå som budsjettet.

### Helse Bergen:

Investeringar 2012	Akkumulert			Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
	januar - november	Resten av året				
<b>Helse Bergen:</b>						
BUSP trinn I	80 836	9 567	90 403	165 000	165 000	1 392 966
Kronstad DPS	118 451	40 839	159 290	150 000	150 000	430 519
Ombygging sentralblokken	69 772	24 723	94 495	135 000	135 000	310 354
Øvrig bygg	201 112	17 970	219 082	166 585	166 585	
Sum bygg	470 171	93 099	563 270	616 585	616 585	
MTU	85 836	29 164	115 000	122 844	122 844	
IKT						
Anna	11 555	36 445	48 000	107 134	107 134	
<b>SUM Bergen</b>	<b>567 562</b>	<b>158 708</b>	<b>726 270</b>	<b>846 563</b>		

Alle tall i heile tusen

Investeringar per november utgjer om lag 78 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for året ligg under budsjett og skuldast i hovudsak lågare framdrift på ombygging av sentralblokka og andre bygg.

### Helse Førde:

Investeringar 2012	Akkumulert			Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
	januar - november	Resten av året				
<b>Helse Førde:</b>						
Luftambulanse/pre-hospitalt bygg		0	0	22 000	22 000	117 000
Naudstraumbygg/aggregat		0	0			
Øvrig bygg	16 746	13 254	30 000	35 000	35 000	
Sum bygg	16 746	13 254	30 000	57 000	57 000	
MTU	39 473	10 327	49 800	49 800	49 800	
IKT	451	1 249	1 700	0	0	
Anna	6 883	10 917	17 800	19 500	19 500	
<b>SUM Førde</b>	<b>63 553</b>	<b>35 747</b>	<b>99 300</b>	<b>126 300</b>		

Alle tall i heile tusen

Investeringar per november utgjer om lag 64 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg kr 27 mill under budsjett og skuldast seinare igangsetting av to byggeprosjekt enn planlagd.

### Sjukehusapoteka:

Investeringar 2012	Akkumulert			Estimat 2012	Budsjett 2012	Estimat totalprosjekt
	januar - november	Resten av året				
<b>Sjukehusapoteka</b>	<b>2 583</b>	<b>12 823</b>	<b>15 406</b>	<b>15 406</b>	<b>15 406</b>	

Alle tall i heile tusen

Investeringar per november utgjer om lag 17 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatet for 2012 ligg på same nivå som budsjett.

## Helse Vest IKT:


Investeringar 2012	Akkumulert		Resten av året	Estimat 2012	Budsjett 2012
	januar - november	november			
Helse Vest IKT		161 549	58 451	220 000	220 000
<b>SUM Helse Vest</b>		<b>1 113 657</b>	<b>467 073</b>	<b>1 509 722</b>	<b>1 702 169</b>

Alle tall i heile tusen

Investeringar per november utgjer om lag 74 % av estimert investeringsnivå i 2012. Estimatelet for 2012 ligg på same nivå som budsjett. I tillegg ligg det mindre IKT investeringar i nokre av dei andre føretaka.

## Likviditet

Helse Vest har ved utgangen av november 2012 ein netto likviditet på minus kr 238 mill. Grafen under viser forventa utvikling i netto likviditet (innskot minus driftskreditt) for året.




Alle tall i heile millionar

Driftskredittramma vil ved årets slutt vere kr 1,928 mrd. Samla sett er likviditetssituasjonen med noverande driftskredittramma vurdert å vere tilfredsstillande. Helse Vest har tett oppfølging av likviditetssituasjonen og vil om nødvendig treffen tiltak for å sikre likviditetstilgangen i konsernet.

## 6. Medarbeidarar


### Føretaksgruppa Helse Vest – Sjukefråvær



Måltallet er eit samla sjukefråvær på 5,5 % eller lågare, og eit sjukemeldt fråvær på 4,5 % eller lågare. Per desember 2012 var det samla sjukefråværet på 7,7 % og sjukemeldt fråvær på 6,3 %.


Sjukefråværet har gått opp i desember, det har også vore trenden tidlegare år. Det har samanheng med at netto månadsverk var lågare i desember enn i november. Det er 3 færre sjukefråværsdagsverk i desember enn i november. Ser ein på tal arbeidsdagar, er det heile fire færre arbeidsdagar i desember enn i oktober månad.

60,13 % av einingane i føretaksgruppa har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for desember 2012. 63,04 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for desember 2012.



## Føretaksgruppa Helse Vest – Månadsverk

Graf og tabell under viser berre helseføretaka.



Det har vore ein nedgang med 297 brutto månadsverk frå desember 2012 til januar 2013 og ein nedgang med 145 netto månadsverk i same perioden. Alle helseføretaka har hatt ein nedgang frå desember 2012 til januar 2013. Den største nedgangen har Helse Bergen stått for.

Samanlikna med same periode i 2012 har det vore ein auke med 316 brutto månadsverk og 290 netto månadsverk.

## Oppfølging av variable timer hittil i år i føretaksgruppa i Helse Vest

Helseføretaka i Helse Vest	201201	201301	Endring 2012-2013	% endring frå 2012-2013	% endring frå 2011-2012
Merarbeid i kroner	24 444 935	25 079 740	634 805	3 %	8 %
Overtid i kroner	28 646 691	32 842 299	4 195 608	15 %	5 %
Merarbeid i timer	143 194	138 113	-5 081	-4 %	12 %
Overtid i timer	65 851	72 488	6 637	10 %	5 %
Brutto månedsverk	18 910	19 226	316	2 %	3 %

Samla auke i bruken av variable timer utgjer om lag 5 % per januar 2013. Bruk av meirarbeid i kroner har hatt ein auke med 2 prosentpoeng frå desember 2012 til januar 2013. Bruk av meirarbeid i timer har hatt ein nedgang med 3 prosentpoeng samanlikna med førre månad.


Bruk av overtid i kroner har hatt ein auke med 10 prosentpoeng samanlikna med desember 2012, og bruk av overtid i timer har hatt ein auke med 6 prosentpoeng samanlikna med desember 2012.

## Føretaksgruppa Helse Vest – Deltid

Det vil bli gitt ein orientering om deltid i styremøtet.


### Helse Stavanger

#### Sjukefråvær




62,67 % av einingane i Helse Stavanger HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for desember 2012.  
64,80 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for desember 2012.

#### Månadsverk




## Helse Fonna

### Sjukefråvær




60,76 % av einingane i Helse Fonna HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for desember 2012. 64,14 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for desember 2012.

### Månadsverk




## Helse Bergen

### Sjukefråvær




54,97 % av einingane i Helse Bergen HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for desember 2012.  
57,36 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % per desember 2012.

### Månadsverk




## Helse Førde

### Sjukefråvær




66,79 % av einingane i Helse Førde HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for desember 2012. 69,08 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for desember 2012.

### Månadsverk




## Sjukehusapoteka Vest

### Sjukefråvær




50,00 % av einingane i Sjukehusapoteka Vest HF har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for desember 2012. 71,88 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for desember 2012.

### Månadsverk




## Helse Vest IKT

### Sjukefråvær



66,67 % av einingane i Helse Vest IKT AS har eit totalt sjukefråvær under 5,5 % for desember 2012.  
73,33 % av einingane har eit sjukemeldt fråvær under 4,5 % for desember 2012.

### Månadsverk



## 7. Medieanalyse/ omdømme

### Medieanalyse

Medieanalysen viser først og fremst korleis Helse Vest RHF og føretaksgruppa Helse Vest står fram i media, kor synleg ein er og om tendensen er positiv, negativ eller nøytral. Analysen måler også omdømmeindikatoren, som viser kor mykje eller lite mediesakene verkar på omdømmet til spesialisthelsetenesta på Vestlandet.

### Metode


Målet med analysen er å fange opp oppslag og identifisere gjennomslag for Helse Vest i mediedekninga. I vektinga av journalistisk tendens i sakene er fokus på framstillinga i medieomtalen, om denne er positiv, negativ eller nøytral. I tilfelle der media viser fleire sider av ei sak er hovudvekta lagt på dei elementa i saka som får størst fokus, og medieomtalen blir vurdert etter den viktigaste tendensen i saka. Målinga av rekkevidda til medieomtalen er basert på lesartal for avisene (Mediebedriftenes Landsforening). Rekkevidda til nettmedia er basert på eit gjennomsnitt av unike brukarar per veke eller per månad (TNS Gallup). Rapporten er utarbeida av Intermedium, som er klinptenesta spesialisthelsetenesta i heile Noreg brukar.

### Medieanalyse 4. kvartal 2012

InterMedium har i perioden 1. oktober – 31. desember 2012 fanga opp 2085 artiklar som handlar om Helse Vest totalt, inkludert alle føretaka. I denne perioden er 61 prosent av omtalen nøytralt vinkla. 21 prosent er positivt eller svakt positivt vinkla og 18 prosent er negativt eller svakt negativt vinkla.

### Medieomtale over tid for Helse Vest

Antall oppslag per uke i 4.kvartal 2012



## Medieomtale etter tendens - Helse Vest

Andel av oppslag i 4.kvartal 2012

4. kvartal 2012




Fig. over viser det samla biletet for heile føretaksgruppa

For Helse Vest RHF er det i same periode fanga opp 413 oppslag. Medietrykket var høgast i oktober, med 155 oppslag. 10 prosent av sakene i denne perioden er positive, og ein like stor del er svakt positive. På den andre sida er 17 prosent negative og 10 prosent svakt negative. Delen av positive saker er størst i oktober, mens den negative omtalen er størst i desember.

Den positive omtalen i oktober skuldast i stor grad ei større enkelsak som gjekk ut med stor spreiing via nyheitsbyrået NTB. Regjeringa løvdde 15 millionar kroner for å planlegge etableringa av kreftbehandling med partikkelterapi. Det er Helse Vest RHF som får oppdraget å greie ut eit norsk anlegg for partikkelterapi. Den relativt høge delen av negativ omtale i desember skuldast i stor grad NTB-artikkelen «Helse Vest for dårlig på informasjon om rettigheter». Her kjem det fram at Helse Vest har fristbrot for nesten 1 000 pasientar innan ortopedi i 2012, og at ingen av desse pasientane har søkt om behandling på eit anna sjukehus. Pasientombodet meiner dette skuldast for dårlig informasjon frå sjukehusa. I artikkelen seier klinikkdirektør Lars Arnestad ved Ortopedisk klinikk/ Haukeland universitetssjukehus at dei ikkje er flinke nok til å følgje opp pasientar med omsyn til fristbrot og gje desse god nok informasjon og dei rettane dei har.

52 prosent av medieomtalen som gjeld Helse Vest RHF er nøytralt vinkla. Artiklar der Helse Vest berre er kort nemnt, eller saker der det er regjeringa eller politikarar som har hovudfokus, er oftast nøytralt vinkla. Eit eksempel som går igjen i fleire medier er ein kronikk av helse- og omsorgsminister Jonas Gahr Støre, som argumenterer for regional sjukehusstyring. Helse Vest er berre referert til som eitt av dei regionale helseføretaka og har difor ei nøytral rolle i dette oppslaget.


Eit anna eksempel på ei nøytral sak som får ein del omtale, er tal frå Norsk pasientregister som syner at Helse Vest har dei lågaste tala på landsbasis når det gjeld planlagde og akutte keisarsnitt i første tertial 2012. Saka er definert som nøytral då det berre er tal og samanlikningar med andre føretak som er lagt fram. Det kjem ikkje fram kvifor tala er som dei er, årsakar eller kva dette betyr for pasientane, positivt eller negativt.

Helse Vest RHF er løfta fram i 24 prosent av omtalene, middels omtalt i 21 prosent og kort omtalt i 54 prosent av medieomtalane i fjerde kvartal. 28 prosent av sakene kor det regionale helseføretaket er løfta fram i omtalane er positivt eller svakt positivt vinkla. Dette er ein liten nedgang frå førre kvartal, kor heile 33 prosent av dei fremste sakene var positive. 40 prosent er nøytralt vinkla, mens 32 prosent er negativt eller svakt negativt vinkla.

# Medieomtale etter synlighet i oppslag - Helse Vest RHF

Andel av oppslag i 4.kvartal 2012

## 4. kvartal 2012



Omtalen av det regionale helseføretaket var størst i lokale medier, og medier med nedslagsfelt i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane står for 53 prosent av den totale omtalen i denne perioden. NRK, Bergens Tidende og Dagens Medisin publiserte flest saker om Helse Vest RHF på nett, mens Bergens Tidende, Fjordabladet og Haugesunds Avis publiserte flest trykte artiklar. NRK Nett, Bergens Tidende Papir og Fjordabladet Papir har også ein forholdsvis høg del av negative oppslag.

## Resultat 4. kvartal 2012

Resultatet av analysen for kor synleg Helse Vest er i media blir presentert i form av ein indeks der + 6 er høgast mogleg positiv synleggjering og - 6 er høgast mogleg negativ synleggjering. Den journalistiske tendensen avgjer om synleggjeringa er positiv eller negativ. Oppslag med ein indeks frå 0 til +2 eller 0 til -2 har relativt liten synleggjering, og dermed mindre potensiell omdømmeeffekt. Oppslag med ein indeks frå +4 til +6 eller -4 til -6 har stor synleggjering og dermed stor potensiell omdømmeeffekt.

Synleggjerdingsanalysen tek utgangspunkt i følgjande variabler:


- Storleiken til mediet (lesartal og unike brukarar)
- Mediotype (Nett eller papir)
- Plassering av oppslaget i media
- Storlek på oppslaget
- Synlegheit i oppslaget – Treff i tittel, treff i ingress, foto og gjennomslag i oppslaget
- Tendens

Synleggjerdingsindeksen viser berre den reelle synleggjeringa for Helse Vest RHF, og tar ikkje omsyn til tendensen i oppslaga. Analysen viser her at Helse Vest RHF har størst synleggjering i november, og ein ser også at synleggjeringa dei tre siste månadane er noko høgare enn målingane i både juli og september (*graf til høgre i figuren under*).


## Omdømmeindikator og Synlighetsindeks - Helse Vest RHF

Basert på oppslag i 4.kvartal 2012

Omdømmeindikator



Synlighetsindeks



Omdømmeindikatoren viser synliggjeringa berre i positive og negative oppslag, ikkje dei nøytrale, og ein ser at Helse Vest RHF i oktober er noko meir synleg i den positive omtalen enn i den negative. I november går omdømmeindikatoren ned til -0,6 som viser at Helse Vest RHF har meir gjennomslag i negative oppslag enn i positive. I desember går indikatoren ytterlegare ned, til -1,6. Det tyder at dei negative artiklane er meir synlege enn dei positive denne månaden. Dette skuldast, som nemnd over, i hovudsak den store spreiainga av saka «Helse Vest for dårlige på informasjon om rettigheter».

Ein sluttar av perioden med negativ score på omdømmeindikatoren, men ein indeks på -1,6 viser at medieomtalene har relativt liten potensiell verknad på omdømmet til Helse Vest i 4. kvartal 2012.